



# Stikka

HAMAR Y'S MEN'S CLUB Red.: Layout: John  
Nils Kristian

Nr. 2 2020 Årg. 49

## «EIN BETRE VÅR EIN GONG»

**V**årens under er tolka på ein meisterleg måte i den fine salmen av Elias Blix. I talande poetiske vendingar syner han korleis vi lengtar etter lys og liv: «Den heile skapning stundar no fram til sumars tid.» Denne våren med koronapandemien lengtar vi meir etter vår og varme enn vi har gjort på mange år. Det er blitt ein annleis vår og det blir sikkert ein annleis sommar også. Ja, kanskje det blir endringar i verda for mange år framover? Spørsmåla er mange og vi har ingen fasit.

■ Men våren er komen! Eg ser fuglane byggjer reir som før og dei syng like vakkert som før. Graset gror, blomar spring ut og humla er i full sving. Vi er blitt så flinke i vår tid til å analysera og forklåra ting. Vi har svar på det meste og likevel veit vi så lite. For underet i det nye livet og undringa over det nye livet kan vi ikkje analysera og skriva ut på data. Salmediktaren hjelper oss til å sjå Guds skaparhand bak den rikdomen i form og fargar som vårens og sommarens under byr på. Det dreier seg ikkje om ein naturlyrikk der naturen blir losungen i all sin herlegdom for si eiga skuld. I staden er det naturen som gjev høve til lovesong til Han som har skapt verda og held henne oppe.

■ Dei mange under i naturen er store. Vi ser det kvar einaste dag denne tida på året. Men endå større er det når eit menneske opnar seg for Guds kjærleiks under. Som blada faldar seg ut for den varmande sola, slik opnar menneskehjarta seg for Guds varmande vårvind. Der Den Helage Ande får koma til, der skjer dette underet. På ny og på ny. Sommar som vinter. Vår som haust. I vår eiga kyrkle og i kyrkjer under fjerne himmelstrokk.

«Så sende Gud sin Ande som dogg på turre jord.  
Då vakna liv i lande, då grødest vent Guds ord.»

■ Men samstundes som lyset og livet sigrar, så

er det heile tida ein kamp mot døden og dødskrefene, slik Elias Blix skildrar det:

«Men stundom kom det kulde på Herrens kyrkjemark.

*Det var som Gud seg dulde, og borte var Guds ark.»*

■ Døden sit i så mange ting. Den kan til og med sitja med til bords mellom menneske der kjærleiken har slokna. Eller vi kan venda blikket ut i den store verda og spørja: Kvifor fekk hatet og bitre tankar slik makt då dei ytre maktstrukturane fall? Og kvar er hjartelaget i møte med dei som saknar ein heim i denne verda? Der er så mange stengde sinn som er like harde som den hardaste is. Men dei kan berre opnast av Guds varmande fønvind, av kjærlekens lækjande Ande.

■ Våren og sommaren vil alltid ha ein vevmodstone i seg. Vemod over det som ikkje fekk veksa. Det som aldri nådde mogning. Dei spede spirer i menneskelivet og på «Herrens kyrkjemark» som fraus bort i kaldnettene. Men ein dag skal den flyktige våren og sommaren bli avløyst av det fullkomne. Difor vil vi syngja ut vår von og visse saman med Blix:


«Du vår med ljose dagar, med lengting, liv og song,  
du spår at Gud oss lagar ein betre vår ein gong.

*Då me med vigsla tunge, med kjærleik heil og klår,  
alt utan brest og sprunge skal lova Herren vår!»*

■ Lat oss minna kvarandre om at lovnaden om «ein betre vår ein gong» står ved lag også i krevjande koronatider!

**Nils Kristian**

## Nytt fra hovedstyret



Kine Martinsen og August Aasen kunne i begynnelsen av mai med gode smil vise frem det ferdige resultatet. Foto: Hans Martin Vilberg

**Q**elv om Ynglingen ble stengt for aktivitet fra 13. mars har det skjedd en del. Hans Martin og jeg drodlet litt om hvordan vi kunne bruke vaktmester August Aasen når timene hans til aktiviteter forsvant. Vi hadde også Kine Martinsen disponibel. Hun skulle jobbet med kulturskolen vår, men den måtte jo også stoppe.



Hun var, som August, interessert i å ta en ekst- rajobb på Ynglingen.

**Vi besluttet å pusse opp** gang og trapper fra kjeller til kontoret på toppen. Dette er en oppus- sing som var påkrevet, men som vanskelig kunne gjøres med masse aktivitet på huset. Derfor var tidspunktet nå ideelt. Kine og August har brukt godt over 200 timer hver med veggprepara- ring, sparkling, pussing, sliping av gulv, maling mmm.

**Det har blitt utrolig flott** – dere kan bare glede dere til å komme tilbake! Ellers rakk vi å avholde årsmøte i hovedforeningen før koronaen slapp løs. Undertegnede ble gjenvalgt som le- der, klubbmedlem Iver fortsetter i styret og Karl M. er revisor. I etterkant har Astrid Stana stilt seg til disposisjon som nestleder.

Arild Wangen, som har ført regnskapet for oss noen år, ønsket avløsning. Gro Elisabeth Bråthen har tatt på seg denne frivillige jobben. Hun jobber i Riksrevisjonen og satt forrige peri- ode i Hamar menighetsråd. Hun er dermed et godt valg for denne oppgaven.

### Geir Bjørnar

## Ukens kryssordvinner

■ Vi gratulerer

**Helge Senumstad, , Alf Prøysens veg 114,  
2315 Hamar,**

som vinner av forrige ukes oppgave.

■ Premien, 4 Flax-lodd, kommer  
i posten.

Vi gratulerer også!

Vi er noen klubbmedlemmer som hver onsdag og lørdag kas- ter oss over kryssord i HA. Selv om man finner løsningen og sen- der inn, vinner man sjeldent. Der- for gratulerer vi Helge med 4 Flax-lodd 19. februar. Håper du vinner også på loddene!

**gbs**

## Presidenten har ordet:



**J**eg er glad i Y's - Men. Jeg trives i miljøet vårt. Mange flotte og positive folk jeg liker å møte. Så har jeg i min siste periode som leder for klubben valgt å avlyse alle vårmøtene. Det er tungt, men det er nok nødvendig. Jeg har spurt alle i styret om hva de mener, og med unntak av en, mener alle at det tryggeste og sikreste er å avlyse møtene på grunn av korona situasjonen. Det var en tung avgjørelse å ta, men noe jeg følte var riktig. Vi er jo godt opp i åra alle sammen og sårbarer for viruset som herjer. Selv om det ikke har vært møter så har jeg tatt kontakt og forsøkt å følge opp folk i klubben jeg tror trenger støtte.

**I denne sitasjonen** har Simon som er den nye lederen fra høsten sendt over et fyldig og spennende program for høstsemesteret. Jeg håper at vi kan komme i gang med våre faste møter fra august.

**Jeg valgte å starte med å skrive** at jeg er glad i dere. Jeg har i vår fått mange varme hilsener, flere enn vanlig. Nå er det ikke det gode og trygge håndtrykket jeg får. Men det er omtanken jeg føler. Hvor dan står det til?

**Jeg håper klubben vår kan preges** av omtanke mer enn noen gang, og vi ser jo hvis noen stoler står tomme. Kanskje en telefon og en personlig samtale er det som skal til for å signalisere at du ikke er glemt.

**Kanskje har det vi har vært gjennom** i vår gjort oss enda mer bevisste på verdien av gode venner og et innkluderende og varmt klubbmiljø.

**Trond**

## Gratulerer!



### Mai

Sigvart Byberg	2.
Solveig Fjøsne Saltvik	8.
Randi Aschim	12.
Trond Buraas	15.
Brit Randen	18.
Johannes Johnson	19.
Lillemor Langseth	26.
Solveig Kjos	26.

### Juni

Ingur Røberg Fjeldstad	4.
Elisabeth Berntsen	10.
Rønnaug Håve Sæhlie	17.
Elisabeth Lie	17.
Peder Hodøl	19.
Synnøve Pünther	25.
Reidun Holten	26.
Bente Hugo	28.
Arild Sørum Stana	28.
Eli Smebye	30.

### Juli

Svein Sandsbakk	13.
Lars Viggo Berntsen	26.
Inger Helene Høyen Hodøl	30.

### August

Magnus Kausland	2.
Jorunn Lygre Jensen	14.
Sverre Gaarden	18.
Gerd Krohn-Hansen	18.
Rita Hærem	19.
Simon Bringeland	24.
Einar Graff Hugo	25.
Anna Sofie Fjøsne	28.

## SIGVART BYBERG FYLLER 80 ÅR

80

anledning av Sigvarts 80-årsdag vil redaksjonen gjerne presentere ham i Stikka gjennom et intervju. Men i disse tider hvor vi blir oppfordret til å begrense den sosiale kontakten, har jeg blitt enig med Sigwart om å gjennomføre intervjuet ved at jeg har formulert noen spørsmål som han har svart på. Jeg har skrevet på bokmål, og Sigwart på nynorsk.



*Du har bodd mange år på Hedmarken, men dialekten din forteller at du kommer fra et annet sted – kan du fortelle litt om dette og bakgrunnen for at du kom hit? Hvordan er Hedmarken sammenlignet med Jæren – din barndoms landskap? Noe i lynne og innstilling som er forskjellig?*

**Mine 5 første leveår** var prega av krigen. Me var evakuert heimanfra til Klepp. Der budde me i faste Kirsten sitt hus på Hauge gardstunet. Då krigen slutta var me ein barneflokk på 5. Krigens skrekk og gru prega heilt klårt kvardagen vår. Rett som det var sette vi oss til å teikna gardshuset vårt på Reke med roser i hagen og røyk frå pipa og lengta etter at freden skulle koma og me kunne venda tilbake til vårt eige.

Heimen vår som vi under heile krigen lengta tilbake til var eit bureisingsbruk på Solasletta. Denne sletta hadde vore eit fellesbeite som for det meste var dekt av flygesand og flytta på seg kvar gong det bles. Før krigen hadde dei teke til med verneskog av buskfuru for å stogga sandstormane og i sanddynene hadde dei planta marahalm for å få dei til å liggja i ro. Den vesle grenda på omlag 10 bruk med sers dårlig jord bar meir preg av å vera eit pionerområde der vegrett måtte gå om den garden grunnen var sold frå og aldri var betre enn ein kjerreveg og all anna infrastruktur så som elektrisitet, postombering og telefon vanta.

Men garden var vår, me kjende oss heima, og

som bror min sa «Når eg vert vaksen vil eg arva klokka og merra», altså nøgde med lite. Me gjorde som jærbuar flest. Pinte rug or auren, trudde på skillingen og trøysta oss til Gud.

**Store var skilnadane** då eg slo meg ned på Hedmarken. Her låg snøen der han datt like til våren. Snøkave og rennedrev var ukjende ord. Trea sto på rekkje og rad, høge og majestetiske og greinene piska aldri i vinden. Det var ei slåande ro og stille over naturen.

*Du har arbeidet som veterinær – har dette endret seg i takt med endringer i landbruket?*

**Då eg byrja som veterinær** i Hamar i 1969 var avtalen at eg skulle etablira meg som privatpraktiserande veterinær med stordyrpraksis på kringliggjande gardar, etter kvart var det fleire og fleire som nytta høvet til å få utført veterinærneste på kjæledyra, endå om smådyr i stor mon var oversett i undervisninga ved veterinærhøgskulen tilegna ein seg kunnskap om denne dyregruppa også. Slik vart det til at eg etterkvart veksla med ein dag på bygda og neste dag stasjonært arbeid på dyreklinikk. Vitskapen gjekk også framover slik at det var mogeleg å førebyggja mange sjukdommar gjennom vaksinering og tilsetningsstoffer i foret.

*Du har din utdannelse fra Tyskland – har dette gitt deg et annet perspektiv enn om du hadde blitt utdannet i Norge?*

**På mange måtar var utdanninga** i eit framand land til stor bate for meg. Fyrst så måtte ein yta noko for å nå måla sine. Berre det å ta seg fram i eit framand land med lite kjennskap til språket. Der var ulikt system, svært regulert, tysk grundigheit og alt måtte vera rett ned til minste detalj. Studiet var kan hende nokså teoretisk, men vi lærte å tenkja vitskapleg og når vi så kom over i det norske systemet gjekk det meir på å meistra dei ulike oppgåvene. Så me som hadde både tysk og norsk utdanning kjende oss godt skikka til å ta til med yrket vårt då vi var ferdige med utdan-

ninga vår. Det var også moro å få kjennskap til tysk kultur. Å verta kjend med den tyske kulturen som like til den andre verdskrigen hadde vore den leiande kulturnasjonen i Europa vekte interesssen min for filosofane våre. Det er nok rett å seia at eg på mange vis vart kvitt den husmannsanda som så lett kan prega oss som har vakse opp her nord i steinrøysa. Eg kunne kjenna på at eg tilhørde den same kulturen og at vår måte å vera på slett ikkje var lågare enn dei andre.

*Du har engasjert deg i prosjekter i Romania og Malawi – kan du si litt om disse og hvorfor du satte i gang med dem. Har det blitt slik du ønsket?*

**Då eg engasjerte meg i arbeidet** i Albania gjorde eg dette ut frå det ansvaret eg meiner vi har som berare av den kristne kulturen. Landet var fullstendig køyrd på felgen. Der fans 3 grupper. Kommunistane som var lett kjennelege og alltid gjekk i brun dress. Folk som var nøytrale, og så partifriendane som var forfulgte. Hadde eg ikkje sjølv opplevd krigen og angst som fylgde med hadde eg ikkje skjønt dei når dei handla irrasjonelt etter å ha stått for folkedomstolen som kommunistane framleis sette endå om dei hadde mista all makt. Men mest av alt: Du møter einskildmenneske som har halde ut og teke vare på integriteten oppi all vondskapen. Ein av dei, Mark Troshani, var med på eit sangmøte leia av Geir Bjørnar og sa etter møtet i Y's Men: «Der var ein nærliek og venskap eg berre har opplevd i nær familie.» Så song Troshani «Fidele» og byrja fortelja om familien der soldatane skaut og drepte far og tre søner fordi dei sa som sant var at dei ikkje hadde fleire pengar, for pengane hadde dei fått sist dei var der. Yngste son og mora let dei leva. Og om far og son som vart avretta med mitraljøse avdi dei hadde veksla to gullmyntar. Etter eit kvarter kom villhundane gnagande på armar og legger frå lika.

**Malawi er annleis**, fattig, ja visst. Vondskap og øydelegging ikkje så synleg, men mangel på tillit er påfallande. Men at eg måtte ty til kvite settelar frå Sør Afrika for å få prosjektet vidare, forfulgte ja vel, og at eg ikkje fann nokon pålitelege innfødde i Malawi var uventa. Prosjekt er levande. Som alt anna levande veks dei og legg på seg. Veks du ikkje saman med dei må du bort. Seinast i dag brukar eg eit par timer for å informera om Tenia solium og systisercocis, så eg er med, men om forventningane vert innfridde veit eg ikkje.

*Du og Marit er opptatt av Israel og Israels sak – kan du si litt om bakgrunnen for dette engasjementet?*

**Mitt engasjement i Israel** botnar i at ikkje noko folk fortener å verta utsletta. Då krigen var slutt var det berre att 150 000 i Europa. Me veit alle om programane som gjekk føre seg i Aust Europa. La oss i det minste visa jødane ekte venskap i staden for å delta i ein meiningslaus boikott. Å boikotta Israel er jamngodt med å boikotta seg sjølv.

*Hvor lenge har du vært med i YMC og hvordan kom du med i klubben?*

**Eg vart tidleg med i Y's Men.** Det var på tidleg 70 talet. Kjell Linkjendal, Kalle Rem og Johs. Kjørven var vel dei som var best i det å overtala meg. Då praksisen auka på og eg måtte betala ein ungdom for å gå med huskelappen for meg, og dette hadde vara nokre år, fann eg ut at eg måtte melda meg ut. Då livssituasjonen endra seg overtal Alf Jordheim meg til å melda meg inn att. Så der er eg no. Eg har ei dagsrytme som ikkje alltid høver med å fjlga seg og reisa bort i 7 tida om kvelden, men eg veit heile tida kor eg finn vene.

*Er det styrker og svakheter ved klubben – ting du kunne ønsket deg annerledes? Hva setter du størst pris på?*

**Y's Man er som eit venskap eg eig.** Det har sine grenser, men ingen kan vera alt for andre. Når eg saknar det, går eg dit, høyrer på dei ordhage menn, lyar på dei og tenkjer vel om dei.

*Du er 80 år, hva har livet lært deg, noe du vil trekke fram her?*

**At eg er veldig heldig**, som saman med min fantastiske ektefelle, stort sett kan disponera dagane våre som vi vil, at eg har ingen vonter og engasjerer meg i det eg vil. At Gud er annleis, enn eg trudde. Når det er mi tid, ynskjer han velkommen heim.

**Simon W. Bringeland**

## DEN DIGITALE KYRKJA I KORONATIDA

- ❖ Det har ikkje mangla på kreative tiltak i kyrka i desse koronatider for å nå ut med bodskapen. All ære til dei som tok utfordringa og fann nye innfallsvinklar! Vi kan nemna drive in gudstenester, streaming av andakter og gudstenester i sosiale medium.
- ❖ Kyrka vår og ulike kyrkjesamfunn og kristne organisasjonar har såleis nådd mange fleire med evangeliet enn vi gjer i normale tider. Fjernsynsgudstenestene i NRK som vi hadde regelmessig i «gamle dagar», har nå dukka opp igjen og gjeve gode opplevelingar for mange, seinast 10.mai med vigsling av Olav Fykse Tveit i Nidarosdomen som preses i kyrka. Ikkje minst for dei som er tekne til side på grunn av sjukdom og ikkje kan koma til kyrkje og gudsteneste, er det uvurderleg å kunna lytta til radio eller sjå fjernsyn og få del i Ordet.
- ❖ Men eit digitalt fellesskap har sine manglar. Det fysiske fellesskapet i kyrkjene kan aldri bli erstatta av det digitale. Samlinga om Ordet og sakramenta der vi ser og høyrer kvarandre, er umissande. Men kan henda sume av dei som i koronatida har «gått inn» i den digitale kyrkja, kan finna vegen inn i si lokale kyrkje?
- ❖ Kyrkjene våre har så smått teke til å opna opp igjen når dette blir skrive(11.mai). Kunne det då vera ei oppgåve for dei som har etablert seg på digitale plattformer, å tilskunda tilhengjarane sine å finna ein plass i kyrka på heimstaden?
- ❖ Og for oss som har sakna det kyrkjelege fellesskapet i to månader, skulle det vera ei påminning om å søkja endå meir regelmessig til Herrens hus og få andre med oss!

Nils Kristian

## VI SKAL MØTES

Vi skal møtes  
når dette er over,  
ved et bord i en  
smekkfull kafé,  
i en kirke,  
i midtgangens vrimmel  
mot Guds alter  
og det som skal skje.  
Vi skal feire  
og synge  
og le.

Vi skal gi til hverandre  
et løfte,  
at vi møtes  
når veien er gått.  
Når det mørke og vonde  
er bak oss,  
når den prøven vi fikk,  
er bestått,  
skal vi dele det svar  
vi har fått.

Men alt nå  
vet vi svaret,  
vi vet det.  
Det å elske hverandre  
er alt,  
bære byrder  
når en har for mye,  
holde oppe  
når noen har falt.  
Til å elske,  
til det  
er vi kalt.

Hans-Olav Mørk, 14. mars 2020

# NATURHJØRNET

## VÅR 2020.

■ Når dette skrives er vi inne i den første uka av mai. Jeg har to netter bak meg på orrfugllei. Ei natt med barnebarn og ei natt med gamle kamerater fra Gjøvik. Har jeg ikke sett orrfuglspill tidligere?

Jo, det er ikke fuglene det handler om. Det er vårnatta, stemningen inne på skogen, leirbål og samtalene rundt bålet. Hvert år må jeg ha med meg dette.

■ Så jeg noe i natt? Jo, jeg så ei trane som seilte over myra og skrek sine håse skrik, og jeg hørte enkeltbekkasinen sine mekrende låter. Det er slike ting jeg lytter etter sammen med den boblende sangen fra orrfuglene.

Jeg er så heldig at mange ringer meg om ting de opplever. Spurveugla synger ved Lageråkvæsla, perleugla i Åsbygda og flaggspett og svartspett trommer inn våren ved å slå nebbet hardt inn i tørre trestammer nær huset der jeg bor.

■ Det mest spennende sist uka var bildemeldingen av en lappugle fra Tangen og beskjeden om at lappuglene synger i Åsbygda.

De siste dagene har store mengder med trost strømmet inn over Hedmarken. På ringmerkingen på Starene har løvsangere og gransangere gått i nettet. I dag fikk jeg melding om en vendehals som var fanget der. Den svartvwhite fluesnapperen er på plass og kikker inn i kassene. Spettmeis og kjøttmeis har lagt egg - det er vår.

■ Nå venter jeg på svalene, tårnseileren og gjøken. Når de er på plass så er sommeren her.

Jeg gleder meg også over vårblomstene. Maigull og hvitveis vokser tett i vegskråningene.

■ Å så glad jeg er for å få oppleve alt dette enda en gang.

**Trond**

# I Periskopet

## Barn som ikke fikk leve.

**F**or en tid siden leste jeg en lengre artikkel i Vårt Land om dødfødte barn og hvordan de ble behandlet i forskjellige perioder. Barn som ikke var døpt fikk også en annen behandling enn det som i dag synes rimelig og selvfølgelig.

■ Artikkelen interesserte meg. Tankene gikk et par decennier tilbake. Uventet fikk jeg spørsmål om begravelse av et dødfødt barn. Hva skulle jeg gjøre? Ingen erfaring med spørsmålet fra tidligere. Hva fantes av liturgi? Jeg fant ikke noe. Familien ville at seremonien skulle skje i stillhet. Samtidig var det viktig at barnet fikk en verdig avslutning, og at familien fikk en minnestund de kunne ta med videre. I tillegg da jeg leset artikkelen, gikk tankene til min bror født 3 år før meg. Han døde 1 dag gammel. Hva slags seremoni det var da, vet jeg ikke, men han fikk sin grav i graven til en eldre halvsøster som døde 2 ½ år gammal.

■ Det var selvsagt å imøtekommne familien i Vang som ikke fikk oppleve gleden av et ønsket barn. Familien var lett å samarbeide med. Vi satte oss sammen og laget en kort liturgi. Jeg tror det ble en verdig avslutning for den lille.

- At jeg sammen med dem fikk laget en liturgi, fikk jeg bruk for 3 ganger til som prest i Vang. I det ene tilfellet var barnet blitt liggende urimelig lang tid på sykehus til foreldrenes fortvilelse. Familien var heller ikke klar over muligheten til at de kunne få en kirkelig ramme omkring avskjeden. Men et av begravelsesbyråene fikk kjennskap til situasjonen Vangfamilien var i, og jeg fikk en henvendelse om å forrette i seremonien.
- En utfordring ble det senere da det ble snakk om barn som var abortert pga. kromosomfeil. Først en gang og så en gang til. Det var en ny utfordring også pga mitt syn på abort, mitt syn på livet som har verdi fra starten, og min tro på mennesket som skapt i Guds bilde. Livet har verdi selv det er annerledes. Jeg ble likevel rolig for at det var riktig å imøtekommne familienes ønske om kirkelig begravelse. Det var også en måte å ta på alvor at det ufødte barn var skapt i Guds bilde og hadde verdi som nettopp det. Også da skulle barnet få en verdig avslutning. Dessuten hadde foreldrene bruk for en avslutning på et liv som var ønsket, men som ville blitt helt annerledes enn tenkt og ønsket. I hvert fall det ene av disse to har sin gravstøtte på Vang kirkegård.

## TROND BURAAS – 70 år



**I anledning 70-årsdagen til Trond Buraas  
15.mai har redaktøren av Stikka gjennom  
mailutveksling (pga koronapandemien) fått  
eit glimt inn i jubilantens liv. Vi gir ordet til  
Trond:**

### BARNDOM OG OPPVEKST

Jeg vokste opp på et småbruk på Burås i Hurdal. Burås er ei lita grend som består av 4 små gårder som ligger på en åsrygg for seg sjøl 1 km fra hovedveien. Alle her er i nær slekt. Gården var for liten å leva av, og far kjørte tømmer med hest i skogen til Mathiesen Eidsvoll Verk. Vi hadde ikke bil og far bodde på skogskoie hele uka i vinterhalvåret og var hjemme bare i helgene sjøl om koia lå bare 10 km hjemmefra. Mor hadde hovedansvaret for fjøset hele vinteren og vi måtte frakte mjølka på kjelke 1 km til mjølkerampa. Mor og far var utrolig sterke og flittige, og vi var nok blant de som hadde best økonomi blant småbrukerne og

skogsarbeiderne i bygda. Jeg har en tvilling søster og 1 bror som er 4 år yngre enn meg. Vår hverdag besto stort sett av skole og jobbing på småbruket. På nabogården var det 4 barn i samme alder og vi fant på utrolig mye morsomt sammen. Vi brukte flittig ski og skøyter om vinteren. Vi lekte gjemsel og fant på mange ball-leker og hadde mye glede i hverandres selskap. Ellers var vi mye sammen med andre nære slektninger og venner.

Mor og far hadde nesten aldri tid til ferie. Det begrenset seg til konfirmasjonshelger eller runde tall hos slektninger. Et av årets høydepunkt var moltetur med far. Da kjørte vi langt innover åsen på traktor. Nesten all fritid brukte mor og far på misjonsarbeid og politikk. Teltmøter i Fellesmisjonen (lokal indremisjon) og et storstevne i Krf var årlige begivenheter. Mor og far var æresmedlemmer i Krf og var på fornavn med blant annet Lars Korvald og Kåre Kristiansen.

### UTDANNELSE

Jeg gikk på Eidsvoll landsgymnas og senere Tomb jordbrukskole. Deretter ble det 4 år på Norges Landbrukshogskole (Nå universitet). Jeg har også en PhD i genetikk og planteforedling. Min bakgrunn fra Burås er nok hovedårsaken til at jeg valgte landbruksveien ellers hadde jeg nok studert biologi.


(Fortsetter på side 12)

## Covid-19 stopper ikke kaffen

**Etter noen uker i unntakstilstand** ble savnet etter tirsdagskaffen for sterkt. Egentlig ikke kaffen, men praten. I disse digitale tider finnes det mange løsninger, og Messenger er ett av disse. Tirsdag 31. mars prøvde jeg å nå noen av gjengen, men det ble bare Roar og jeg som kunne oppdatere hverandre om stort og smått.

**7. april var det ny tirsdag og nytt forsøk.** Da var vi flere, Roar, Magnus, Kjell B., Iver og meg selv. Flere ble kontaktet, men kunne av en eller grunn ikke være med.

Nå er det blitt en rutine. Hver tirsdag kl. 12.00 er vi på en times tid. Det blir trivelige stunder, men vil aldri kunne erstatte "live"-versjonen!



Slik så det ut på min skjerm en tirsdag – blide fjes over det hele!

Gbs



### Blåknapp og Tiriltunge

Jeg sleit ut et leksikon  
i strevet med å tyde  
alle fine og fremmede ord jeg kom over  
i bøkenes vidløftige verden.  
Men de ordene jeg virkelig behøvde  
for å få menneskehjertene i tale,

fant jeg aldri i leksika eller ordbøker.  
Nei, de grodde fritt som villblommer  
langs tunstien min.  
Ingen orkideer,  
men løvetann og sulublom,  
blåknapp og tiriltunge.

Hans Børli



## 8.MAI – EIN DAG TIL ETTERTANKE

❖ «Hils våre landsmenn og si at de må bygge Norge i kjærighet.» Slik starta kong Harald sin gode tale på Akershus 8.mai. Han siterte dei siste orda frå motstandsmannen Carl Johan Oftedal før tyskarane tok livet hans. Kongen avslutta også talen med dei same orda. Det var ein sermerkt tale som vil bli hugsa både på grunn av 8.maidagen og den koronakrisa vi nå er inne i.

❖ Eg var snautt fem år 8.mai 1945, så det er ikkje stort eg hugsar. Men eg hugsar godt 17.mai i Bergen ni dagar etterpå då byen var overfylt av jublende menneske saman med norske og engelske soldatar. Vi som budde på øyane nær Bergen, reiste med små og store båtar til byen. Det var ein heil armada av båtar i byen den dagen. Alle ville feira frigjeringa frå fem år med undertrykkjing og vald. Eg fekk sitja på skuldrane til ein onkel og fekk sjå utover det store folkehavet på Torgalmenenningen. Det synet gløymer eg ikkje!

❖ Det var mange som måtte betala ein høg pris for at landet vårt skulle bli fritt igjen. Mange mista livet i krigens første fase, mange mista livet i fangenskap, mange mista livet ved sabotasjeaksjonar og ved tortur og andre blei regelrett skotne. Sjøfolka representerer den største gruppa som gav livet ikkje berre for vårt land og folk, men for at verda skulle bli kvitt nazityrraniet. Mange av dei som overlevde, måtte leva med traumer resten av livet.

❖ Då sjøfolka kom heim att etter krigen, møtte mange av dei ei kald skulder frå fleire av samfunnsinstitusjonane våre. Dei fekk heller ikkje si rettmessige løn for krigsinnsatsen, jfr. Nortrashipfondet. Trass i rosande ord frå styres-

maktene i seinare år, er dette ein skamplatt som vi ikkje kan bortforklara. Nå er det heller ikkje att mange av tidsvitna. Dei skulle hatt ein plass ved kongens bord for lenge sidan!

❖ Dei jødane som overlevde krigen og vende attende til landet vårt, møtte heller ikkje mange som ville gje dei oppreisning og ein ny start i livet. Det var ikkje alle som «ville bygge Norge i kjærighet», slik motstandsmannen Oftedal sa det. Eigedomane deira var blitt konfiskerte eller selde. Då krigen var slutt, fekk dei ingen kompensasjon. Først i 1997 med Skarpnesutvalget, NOU 1997:22, fekk jødane ei oppreisning som det står respekt av, men då var mange av dei det gjaldt døde.

❖ Ei anna gruppe som leid stor urett etter 8.mai 1945, var dei kvinnene som var blitt forelska i tyske soldatar og fekk born med dei. Domen over dei og borna deira var hjartelaus og hard. Mange blei trakka på og hundsa, slik at livet dei- ra blei øydelagt. Først i seinare år har vi våga å setja ord på den uretten som dei blei offer for.

❖ Kven er det som ber dei største offer under den krisa vi nå er inne i? Ser vi dei og kva gjer vi? Både under og etter at koronakrisa er over, blir det spørsmål om å «bygge i kjærighet». Vi står i ei global krise. Difor blir det ikkje berre eit spørsmål om å «bygge Norge i kjærighet», men om å sjå at vi er sette til å byggja bruer i ei verd som lengtar etter lindring og lækjedom.

12.05.2020

Nils Kristian

(Fortsatt fra side 9)

## FAMILIELIV

Ytre sett nådde jeg vel de fleste mål jeg hadde satt i livet da jeg var 30. Gikk strake veien gjennom skolesystemet, lykkelig gift og fikk raskt 3 flotte barn. I dag er jeg skilt og har 5 barn. Livet har bestått av både gode begivenheter og tøffe opplevelser. Jeg har vært heldig å ha god helse. Hele familien har vært aktive både på skogs -og fjellturer på ski og på beina, og i nesten 20 år brukte hele familien mye av fritida i sommerhalvåret på orienteringsløp. Dessuten var vi aktivt med på Misjonshuset på Hamar og fikk plass til 1-2 familieleirer i kristen regi i løpet av året. Jeg var med å stifte Krf-stud på Ås og var i flere år med i styret i Vang Krf og har vært varamann i Hamar bystyre.

## YRKESKARRIERE

I 8 år var jeg stipendiat og forsker på Landbrukskolen på Ås. I hele 38 år har jeg arbeidet som forsker på Bjørke forsøksgård i Vang (Nå Graminor AS). De siste 25 årene har jeg hatt ansvaret for å lage nye tidlige havresorter for nordiske forhold. Jeg er så heldig å ha fått et 4 måneders studieopphold i Cambridge i England og et snaut år i Davis i California. Når det gjelder genressurser og foredling av havre, har jeg vært representant i flere internasjonale organisasjoner. Offisielt slutter jeg i jobben 31.mai, men jeg blir med en del i hvert fall over sommeren.

Jeg har vært medlem i Hamar Y s-Men siden ca. 1985. Har også vært med i Fokus så lenge denne klubben eksisterte. Fine møter med inter-

essante foredrag og flott felleskap. Jeg har nok sjøl vært for lite aktiv til å tilhøre et fellesskap utenom møtene.

Vi i klubben vil gjerne ynskja deg hjartelig til lukke med dagen, Trond! Vi vonar du får ein fin dag trass i krevjande koronatider. Guds signing og alt godt for dagar som kjem!

## Nils Kristian

### EI VÅRNATT ALEINE

Hør, går du med tongsinte tanker  
og reddes for dagenes sår,  
da søker i de susende skoger  
et møte med natt og vår.  
For der vil du alltid finne  
den freden du aldri fant  
der hatet, den harde høker,  
tok hjertene grisk i pant.

Ja kvil dine dagtrøtte tanker  
ved nyingens flakkende skinn,  
og skognatta viser deg vegen  
til freden i sjel og sinn.  
For natta ho står ved ditt leie  
av angende, vårgønt bar  
og gir dine redde spørsmål  
sitt susende, milde svar.

Og da skal du føle dette  
at Herren er stor og nær,  
og var du en tviler i verda,  
du lærer at Herren er.

Du hører han går gjennom ødet  
med sålaupen full av frø, -  
Han terner med veldige hender  
Et vårhåp som aldri kan dø.

Hans Børli, fra "Tyrielden", 1945